# Meland kommune

Christoffer Eriksen
Skarpenesvegen 100
5918 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Berit M.Eskeland | 26.09.2017 |
| Vår: 17/2100 - 17/18907 | Berit.Eskeland@meland.kommune.no | |

## GBNR 41/86 - Løyve til plassering av garasje innanfor byggegrense til KV1135 Skarpenesvegen

**Administrativt vedtak. Saknr: 259/2017**

**Saksutgreiing:**

Viser til søknad av 07.09.17 om plassering av garasje på GBNR 41/86 innanfor byggegrense til kommunal veg 1135 Skarpenesvegen.

**Vurdering**

Eigedomen ligg i uregulert område, og søknaden vert difor behandla etter veglova.

§ 29 i veglova fastsett at byggegrensa skal gå i ein avstand på 15 meter frå kommunal veg. Avstanden skal reknast fra midtlina i kjørebana.

§ 30 seier vidare: *Byggverk, her òg laus kiosk, opplag eller anna større innretning må ikkje utan særskilt løyve plasserast innafor byggegrenser som er fastsette i eller med heimel i § 29. (…) Løyve etter første ledd gir regionvegkontoret for riksvegar og fylkesvegar, og kommunen for kommunale vegar.*

Søkjar opplyser om at garasjen vil bli plassert 4 m frå grense og 7 m frå vegmidte.Vidare vert det opplyst om at garasjen ikkje vil vere i konflikt med frisiktsona. Plassering av garasjen er vist på i vedlagt situasjonsplan i søknaden.

Byggegrensa har som formål å sikre frisikt og trafikktryggleik i og langs veg. I tillegg kjem behovet for vegiegar til å reservere ein stor nok kanal til forskjellige vegformål og evt. framtidig utviding.

Kommunen vurderar at garasjen ikkje vil kome i konflikt med frisikt eller trafikksikringsomsyn langs Skarpenesvegen. Vidare vert det vurdert at omsynet til dagens og framtidige vegformål framleis vil vere ivareteke.

**Vedtak**

«Meland kommune gjev løyve til plassering av garasje på GBNR 41/86 innanfor byggegrense til KV1135 Skarpenesvegen. Garasjen må plasserast i samsvar med situasjonsplan datert 16.06.17.»

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen<br>sektorsjef teknisk | Berit M.Eskeland<br>rådgjevar |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
SITUASJONSPLAN PDF

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Christoffer Eriksen | Skarpenesvegen 100 | 5918 | FREKHAUG |